



LOKAL FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE DRAMA / TEATER

1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del

1.1 Lovforankring

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

1.2 Lokal organisering

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

1.3 Visjon for Time kulturskule

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

1.4 Overordna mål

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune.

Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag.

Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv

og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

1.5 Pedagogisk plattform

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune. Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

1.6 Tildeling av elevplass

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret

2. Rammefaktorar for undervisning i kulturskulen

2.1 Teater - gruppefag

Større undervisningsrom med mye golvplass

Nærliggande siderom/grupperom (for eventuell deling av gruppa)

Mulighet for «black-box» og mørklegging av lokalet

Lydanlegg for avspeling av musikk

Lydanlegg for mikrofonar og/eller myggar

Lysanlegg med lysbord

Tilgjengeleg garderobe/vask/omkleddingsrom/sminkeom

Tilgjengeleg sminke

Tilgjengeleg kostymelager

Til ein kvar tid supplere kostymelageret med det som trengs til nye oppsettingar

Ekstra lagerrom for rekvisittar og kulisser

Eleven skal ha eigen mappe/perm til oppbevaring av manus, eventuelt blanke ark, blyant og viskelær for notater. Dette ordnast i lag med faglærar.

Eleven får ein fast timelærar

Undervisning fast kvar veke i grupper a 8-12 elevar

Effektivisering av øvetider fram mot førestillingar/oppsettingar

Individuelt tilpassa undervisning

Timerressurs 60-120 minutt pr veke

3. Fagplan

3.1 Teater

Overordna mål

Overordna mål er at eleven skal lære seg å ulike teknikkar for dramatisering og teaterframsyning, kjenne glede ved det å kunne uttrykke seg gjennom innlært skodespelarteknikk og gjennom samspel med andre elevar i gruppa. Eleven får utvikle sitt kunstnariske potensiale og oppleve meistringskjensle. Dette gir rom for personleg vekst og bygging av sjølvkjensle.

Målet er at eleven skal få grunnleggjande ferdigheiter innan ulike dramaturgiske tradisjonar og verkemiddel. Eleven skal kunne fungere som ein ressurs i det lokale skule- og kulturlivet, til glede for seg sjølv og andre.

Mål for undervisningstimane

Gjennom arbeid med drama og teater skal elevane:

- Bli glade i å delta i kreative prosesser saman med andre.
- Utvikle eigen uttrykksevne gjennom aktiv utforsking og utøving med kropp og stemme, rom og tid, rytme, sjangar og dramaturgisk form
- Erfare teaterkunsten sine ulike verkemiddel og uttrykksformar.

- Utvikle innsikt i teater som kunstart
- Utvikle kunnskap om teater som kunstart

Læraren møter i god tid og tek godt i mot eleven. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over læring, meistring, utprøving og utøving. Læraren skapar eit trygt miljø innad i gruppa, slik at eleven kjenner seg ivaretatt i utprøving og utøving av ulike øvingar og i instruering av førestilling.

Element i opplæringa

Opplæringa skal ha ein naturleg progresjon tilrettelagd for den enkelte elev. Det er viktig at læraren har tankar om gruppesamansettinga. Undervisninga har ein naturleg kombinasjon av kjend stoff og nye utfordringar for vidareutvikling.

Metode/ gjennomføring:

- Trening i samspill
- Rolleleik og mime
- Improvisasjon
- Fabulering med rom og tid
- Bevegelsesforming
- Stemmebruk
- Arbeid med utgangspunkt i dramatiske tekster
- Arbeide kreativt med utgangspunkt i eigne tankar og etnografisk materiale
- Erfare ulike former og stilartar innanfor teaterkunsten; sjangrar og formar
- Delta i teaterproduksjonar og erfare dei ulike fasane i ein slik produksjon
- Lære om ulike teaterkunstnarar

Eleven får tydeleg rettleiing og informasjon om kva og korleis ho/han skal arbeide både på timen og med eventuelle heimeoppgåver. Målet er å lære eleven til å uttrykke eigne dramaturgiske uttrykksevner og idear gjennom bruk av «eigen kropp som instrument». Læraren skal førebu eleven godt til å meistre opptredenar og framsyningar. Eleven sine opplevingar og erfaringar frå framsyningane skal evaluerast saman med lærar.

Organisering av undervisninga

Undervisninga er organisert i grupper på ca. 12 elevar pr gruppe, hvorav hver gruppe har 1-1,5 time ordinær undervisning pr uke, **avhengig av alder og nivå**. Drama-/ teaterseksjonen i kulturskulen disponerer et stort og et mindre aula-rom til undervisninga. I perioder med teaterproduksjon vil det komme ekstraundervisningstid i form av workshops og ekstraøvingar. Dette kan falle på andre dagar i veka enn den undervisninga til vanleg er på, eller i helg. Beskjed vil bli sendt til heimen i god tid. Både elevar og føresette må dermed rekne med at det å vera aktiv i kulturskulen sitt drama-/ teaterfag i periodar kjem til å kreve litt ekstra tid og innsats. elevane vil få ein eigen plan med oppsette tider som går utover den fast oppsette gruppetimen kvar veke. I tillegg må elevane pårekne heimelekse i form av å måtte lære seg replikkar i dei ulike manus som skal nyttast i oppsettingar, og i å leite fram kostyme og rekvisittar. Det foreligger eigen semesterplan kvart halvår.

Drama-/ teaterrelevane opptrer hovudsakeleg samla i gruppeundervisning.

Kvar gruppe har ein teaterproduksjon kvart semester – i større eller mindre grad. **Dette kan endres til ein teaterproduksjon, dersom omfanget av forestillingen krever det.** Under

førestillingsperioden kan elevane bli tatt ut av deler av sin ordinære skuledag for å syne fram teater for andre skuleelever/barnehagar. Kulturskulen organiserer fritak for elevane og har god dialog med dei skulane det gjeld. Elevframsyningar på dagtid i regi av kulturskulen reknast som alternativ undervisning og skal ikkje først som fråver.

Elevane på teater i Time Kulturskule deltek også på andre arrangement og tverrfaglege tilstellingar i regi av Kulturskulen. Elevar på tiande trinn er med på eit stort tiaendeklasseprosjekt.

Heimeoppgåver/øverutinar

«Øve, øve, jamt og trutt og tappert det er tingen»

Det å vera teaterlev i kulturskulen inneber nokre forplikningar. For å få utbytte og framgang i læringsprosessessen, må eleven møte på timane, delta aktivt på undervisningstimen og gjere heimeoppgåvene sine. All læring krev eigeninnsats og deltaking. Drama-/ teaterlevane vert derfor lært opp i å ta ansvar for å øve inn sine replikkar tidleg i produksjonsfasen fram mot oppsettingar. Undervisninga har preg av glede og skal vera meningsfull for alle som deltek i tilbodet. Målet er at eleven får framgang og opplever meistring.

Læraren sitt ansvar

Læraren skal vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heim, stille krav som er realistiske og oppmuntre eleven til innsats og deltaking.

Læraren utarbeider halvårs-/ årsplan for kvar undervisningsgruppe. Planane kan justerast i løpet av skuleåret, men da med god informasjon til elev/heim.

Læraren skal sørgje for god informasjonsflyt til elev/heim. Det vil vera tilbod om foreldremøter minimum ein gong i halvåret.

Eleven sitt ansvar

Møte til rett tidspunkt på timane, innarbeide gode øvingsrutinar, halde orden på beskjeder og gjennomføre gitte heimeoppgåver. Ved fråvær skal ho/han gi beskjed til lærar.

Foreldre/ føresette sitt ansvar

Foreldre/føresette skal hjelpe og oppmode eleven til oppmøte, gode øvingsrutinar, gjennomføring av heimeoppgåver og førebuing til førestillingar/opptredenar. Ved fråvær skal dei gi beskjed til lærar eller kulturskulen sin administrasjon. Dersom eleven møter vanskar eller særlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med lærar og/eller administrasjon for på ein god måte å finne løysning på dette. Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen. Delta på foreldremøter, følgje med på kulturskulen sin heimeside, følgje med på sms og / eller mailsendingar frå lærar.

Nivå

For å ha oversikt, system og progresjon i opplæringa er undervisningsinnhaldet for drama-/ teaterfaget delt inn i ulike nivå etter vanskegrad.

Nybyrjar, mellomnivå, vidarekomen nivå og fordjupingsnivå.

Oversikta viser kva eleven kan lære på dei ulike nivå. Dette skal vera med å motivera eleven til å utvikle seg innan faget samt å gje undervisninga god framdrift.

Elevar på høgare nivå kan søkje seg inn på fordjupingsprogrammet «Fredagskulen».

Tilbudet er for elevar frå og med 7. trinn som syner særleg interesse og arbeidsinnsats. Her får elevane utvida undervisningstid med auka vanskegrad aleine med lærar og i grupper.

Kulturskuleelevar på 10. trinn deltek i det årlege produksjon og framføring av ein tverrfagleg ungdomsmusikal.